



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Valnemnda
Møtestad: Sal 1. etg., Volda samfunnshus
Dato: 27.09.2018
Tid: 14:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.

Sak

PS 7/18

Søknad om fritak frå forliksrådet - Gudrun Solstad Thokle

SAKER TIL HANDSAMING

PS 7/18 Søknad om fritak frå forliksrådet - Gudrun Solstad Thokle



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sunniva Utnes

Arkivsak nr.: 2018/1185

Arkivkode: 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/18	Valnemnda	30.08.2018
101/18	Kommunestyret	30.08.2018
7/18	Valnemnda	27.09.2018
	Kommunestyret	

SØKNAD OM FRITAK FRÅ FORLIKSRÅDET - GUDRUN SOLSTAD THOKLE

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 30.08.2018:

Saka vert utsett.

Handsaming:

Erlend Krumsvik, Krf, kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting:

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Tilråding i valnemnda - 30.08.2018 til kommunestyret:

Saka vert utsett.

Administrasjonen si tilråding:

Gudrun Solstad Thokle får fritak frå sitt verv som varamedlem i forliksrådet.

..... *blir valt som nytt varamedlem.*

Vedleggsliste:

Søknad frå Gudrun Solstad Thokle, datert 14.06.18

Saksopplysningar:

Gudrun Solstad Thokle ber om at ho får fritak frå sitt verv som vara i forliksrådet av omsyn til sitt daglege arbeid. Ho blei valt for perioden 1.1.2017-31.12.2019. Etter at ho blei valt til å vere vara, har ho skifta jobb: Ho er no teamkoordinator for ambulant allmenteam, og har ein del akutte jobboppdrag. Ho skriv at dette er vanskeleg å koordinere med vervet som varamedlem i forliksrådet.

Etter domstollova § 27 skal det vere eit forliksråd i kvar kommune. Forliksrådet skal ha tre medlemer og like mange varamedlemer. Det skal veljast både kvinner og menn både som medlemer og varamedlemer. Varamedlemene skal innkallast i den rekkefølgja oppnemninga viser. Kommunestyret vel eitt av medlemene til leiar.

Forliksrådsmedlemene må vere norske statsborgarar som er vederheftige og ikkje er frådømde røysterett.

§ 56 i domstollova stiller følgjande vilkår til den som kan veljast:

- ☐ Vedkomande må ha fylt 25 år.
- ☐ Vedkomande må vere under 70 år ved valperioden sin start
- ☐ Det skal veljast personar som er særskilt egna til oppgåva, og som behersker norsk skriftleg og munnleg godt.
- ☐ Den som ikkje bur i kommunen kan nekte å ta i mot val.

Forliksrådet har p.t. følgjande samansetjing:

1. Petter Espe (leiar)
2. Torill Rødven Eide (medlem)
3. Håvard Strand (medlem)

1. Magnar Sunde (varamedlem)
2. Gudrun Solstad Tokle (varamedlem)
3. Rebecca Riise Bjerknes (varamedlem)

Vurdering og konklusjon:

Gudrun Solstad Thokle får fritak frå sitt verv som varamedlem i Forliksrådet og det blir valt eit nytt varamedlem i hennar stad.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Leiar i Forliksrådet
Gudrun Solstad Thokle

Den som blir valt

Fra: Thokle, Gudrun V. Solstad[Gudrun.Thokle@helse-mr.no]
Sendt: 14.06.2018 11:36:40
Til: Postmottak Volda
Tittel: fritak fråforliksåret.

Fritak frå verv som vara i Forliksrådet.

-
Arkivsak 2015/2353

Eg fekk forespørsel om å vere i forliksrådet frå 2017-2020, og takka ja til dette mot at eg stod på varaliste. Eg var då i eit arbeid med mindre ansvar enn den eg gjekk over til. Min nye jobb som teamkoordinator for amb.allmennteam viser seg å vere vanskeleg å kombinere med vervet i forliksrådet. Mitt team tar seg blant anna av tvangsinnleggingar der vi samarbeider med politi og ambulanse. Politi tek først akuttsaker deretter andre saker. Vi kjem inn under siste kategori. Det betyr at vi kan ikkje ha andre avtaler når det står på. Eg var kalla inn til møte den 14.6 og hadde omgjort avtaler for tvangsinngjenging til ein annan dag for å kome i forliksrådet. Pga akutte situasjonar for politiet, enda dette likevel opp med å skje ein time før eg skulle i forliksrådet. Denne gangen gjekk det bra, men det er eit krysspress eg ikkje ynskjer å kome i fleire gangar. No er dette skjedd to gangar. Av ulike grunnar kunne ikkje andre i teamet ta sakene. Eg ber difor om fritak frå vervet.

Med vennleg helsing
Gudrun Solstad Thokle
teamkoordinator, Ambulant allmennteam
avdeling for dps sunnmøre
klinikk for psykisk helsevern
Helse Møre og Romsdal HF



+47 41 10 70 07
Gudrun.Thokle@helse-mr.no
helse-mr.no
facebook.com/HelseMoreogRomsdal